



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.: 14/7756-51

Vår dato: 12.10.2016

Vår ref.: 2015/10152

Arkivnr.: 011.1

Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Fylkesmannen sin framtidige struktur - innspel til førebels rapport

Fylkesmannen viser til brev av 08.07.2016 der departementet ber om innspel til førebels rapport om framtidig struktur for Fylkesmannen.

Fylkesmannen i Rogaland har i sitt arbeid med rapporten også involvert fagorganisasjonane i embetet, og har i denne samanheng motteke innspel frå Akademikerne.

### Vår konklusjon

**Rapporten er i hovudsak både god, grundig og balansert. Rapporten er ein særst god gjennomgang av Fylkesmannen, både i eit historisk og aktuelt perspektiv. Dette gjeld mellom anna plass i forvaltningssystemet, roller, oppgåver og verksemd. På nokre område underkommunerer rapporten likevel til ei viss grad tema, oppgåver og brukargrupper.**

**Fylkesmannen i Rogaland meiner at Rogaland framleis må ha eigen fylkesmann og støttar derfor konsolideringsmodellen eller ein variant av regionmodellen der grensene for Fylkesmannen i Rogaland blir som i dag eller tilpassa politidistriktet.**

Vi har følgjande merknader og innspel til rapporten:

### Til kap. 2

Her går rapporten gjennom bakgrunn, mandat, avgrensingar, føresetnader og føringar for utgreiingsarbeidet. Vi har ikkje særskilde merknader til kapitlet. Så langt vi kan sjå, er arbeidet i prosjektet utført på ein god måte, der også involvering av fylkesmannsembeta, gjennom referansegruppa og informasjon undervegs, har fungert tilfredstillande.

Arbeidet med ny kommunestruktur og regionstruktur er mellom dei viktigaste grunnane til at det er sett søkjelys også på fylkesmannsstrukturen.

Kommunestrukturarbeidet er kome så langt no at vi ser at det ikkje blir mange frivillig nye kommunar i Rogaland. Eit viktig element i vurderinga av fylkesmannsinndelinga er derfor på det nærmaste avklart. Det er per no større uvisse om resultatet av arbeidet med å slå saman fylke/fylkeskommunar. Eitt alternativ er ein stor vestlandsregion med Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Blir dette ein realitet, kan det få følgjer for fylkesmannsstrukturen. For fylkesmennene er talet på kommunar likevel eit viktigare vurderingskriterium enn talet på folkevalde regionar.

### **Til kap. 3**

Her legg prosjektgruppa fram mål, prinsipp og omsyn som det må leggst vekt på når fylkesmannsinndelinga skal vurderast. Vi meiner utgreiinga også her er både nyansert og balansert, og dei viktigaste omsyna og prinsippa er med. Utgreiinga tek også til dels stilling til kva vekt dei ulike omsyna skal ha. Forholdet til, og nærleik til, kommunane er også her framheva. Utgreiinga viser til Fylkesmannen sine oppgåver retta mot enkeltmenneske og næringsliv, men er vag på kor stor vekt desse omsyna skal ha. Det kunne vore ønskjeleg at behovet for nærleik her i større grad hadde blitt analysert i utgreiinga. Dette gjeld ikkje berre brukarar og publikum sitt behov for personleg frammøte hos Fylkesmannen, men også behovet for effektiv og rasjonell utnytting av Fylkesmannen sine ressursar til mellom anna tilsyn og møte med brukarar og tilsynsobjekt. Talet på slike har stor innverknad på Fylkesmannen sine daglege gjeremål.

Rogaland er blant anna eit stort landbruksfylke, med om lag 20 prosent av den totale matproduksjonen. Rogaland har såleis eit viktig ansvar for den totale matproduksjonen i landet vårt. Samla verdiskaping var i 2014 på 5,6 mrd. kroner og sysselsettinga 6 500 årsverk. Rogalandslandbruket har andre utfordringar, kompetanse, kultur og tradisjonar enn nabofylka både i nord og sør. For Fylkesmannen vil også i framtida nærleik til landbruksnæringa vere ein viktig føresetnad for å gjere godt og relevant arbeid. Dette er i liten grad vurdert i rapporten frå prosjektgruppa.

Utgreiinga drøftar kva vekt omsynet til anna regioninndeling skal ha, både regionalt folkevalt nivå og statleg regioninndeling. Vi er samde i at dette er viktige omsyn. Ideelt sett burde fylkeskommunar/regionalt folkevalt nivå og all statleg regional forvaltning hatt samanfallande grenser. Dette gjeld særleg dei organa der samarbeids- og samordningsbehovet er av eit visst omfang. Vi vil likevel igjen framheve og presisere at nærleik til kommunar og andre brukarar er det viktigaste.

Rapporten peikar også på at større embete gjev stordriftsfordelar, effektiviseringsgevinst og større fagmiljø. Dette er argument som er verdt å ta med, særleg behovet for meir både av økonomiske og faglege ressursar for å kunne løyse oppgåvene fullgodt. Når nærleiks- og avstandsomsyn skal ha størst vekt, bør konsekvensen vere at fylkesmannsembeta ikkje blir bygde ned, men tvert om får ein ressursmessig vekst.

Rapporten tar også føre seg lokaliseringssyn. Omsyna er til dels motstridande og talar for heilt ulike løysingar. Så langt vi ser, har prosjektgruppa tatt med dei mest tungtvegande omsyna, og avveginga mellom desse gir seg ikkje utan vidare. Vi vil likevel framheve samlokalisering som eit viktig element både for større fagmiljø, samarbeid, fellesskapskjensle og effektiv ressursutnytting. Dessutan talar dei aller fleste omsyna for at Fylkesmannen er lokalisert i fylket/regionen sitt sentrum/«hovudstad».

Ut frå det vi har sagt ovanfor finn vi både hovudmåla og dei dei fem prinsippa i rapporten for inndeling som klare og langt på veg uttømmende.

## Til kap. 4

Her gir utgreiinga eit bilete av både fylkesmennene sine vurderingar av eiga verksemd og dei ulike fagdepartementa si vurdering av fylkesmannsembeta si oppgåveløysing, kompetanse og kapasitet. Vi har få merknader til dette. Fylkesmennene meiner gjennomgåande at kompetansen i embeta er god, men på nokre område sårbar og utfordrande. Fylkesmannen i Rogaland kjenner seg igjen her. Vi har per i dag god kompetanse på dei aller fleste områda. Det er likevel krevjande å rekruttere nye medarbeidarar på område der vi konkurrerer med verksemdar som lønar betre. Med ein så brei, mangearta og samansett oppgåvemasse, og krav til spesialkompetanse, er det heller ikkje til å unngå at kompetansetiljøet innanfor fleire av desse oppgåvene er lite og sårbart, i tilfelle vakansar og sjukefråvær. Dette talar for større embete. Uansett storleik, vil ein likevel vanskeleg kunne byggje opp sterke fagmiljø på alle mindre spesialområde. Meir samarbeid mellom embeta kan bøte på dette.

Slik vi tolkar rapporten, er departementa meir kritiske til fylkesmennene sin kompetanse og kapasitet enn dei er sjølve, og mange tilrår derfor større embete. Rapporten gir ingen konkrete eksempel på embetsstorleik der kompetansen og kapasiteten er for liten eller for sårbar. Det er såleis vanskeleg å vurdere ut frå dette kva den ideelle storleiken er.

For Rogaland sitt vedkomande opplever vi, i samband med rapportering, at vi gjennomgåande er meir kritiske til eiga verksemd og måloppnåing enn det fagdepartementa er. Dette trass i at også vi slit med for liten kapasitet på nokre viktige område, til dømes tilsyn i helsesektoren.

Kapittelet gir også oversyn over avstandsutfordringane i dei ulike fylka. Vi har ikkje særskilde merknader til dette, og har heller ikkje hatt høve til å kvalitetssikre det tabellmaterialet som er tatt med. Materialet gir likevel eit sær godt bilete på at avstandsproblematikken er svært ulik frå fylke til fylke, og at samanslåing av embete ikkje har same konsekvens over alt.

Kapittelet illustrerer også behovet for å gjere noko med andre statsetatar sine grenser/regionar for å få til betre samordning og samarbeid. Ikkje alle etatar har same behovet for grensefellesskap. For Fylkesmannen er det spesielt viktig å samordne/samarbeide med dei etatane som har klare band til kommunane (tilsyn, plan m.m.), og som har viktige oppgåver når det gjeld beredskap og krisehandtering. Dette er forhold det bør leggast vekt på når fylkesmannsinndelinga skal avgjerast.

## Til kap. 5

I kapittelet er det vist til aktuelt utgreiings- og utviklingsarbeid som kan og vil påverke Fylkesmannen si verksemd framover, mellom anna færre og større kommunar, nye og større folkevalde regionar og, delvis som følgje av dette, endra oppgåver for Fylkesmannen/staten. Oppbygging av sentral statsmakt gjennom nye og større direktorat, er også nemnt som eit trekk ved seinare års forvaltningsutvikling.

I Rogaland vil ikkje kommunereforma gje langt færre og nye store kommunar, føresett at frivilligprinsippet blir følgt opp av Stortinget ([sjå Fylkesmannen si tilråding](#)). Per i dag er det uklart kva som kjem ut av regionreforma her på Vestlandet. Ein stor vestlandsregion er eitt alternativ.

Så langt gir med andre ord kommunereforma lite grunnlag for endra fylkesmannsstruktur i Rogaland. Her vil det framleis vere relativt mange og små kommunar.

Vi er samde i at fylkesmannsstruktur og regionstruktur i størst mogleg grad bør vere samanfallande, men med eit stort vestlandsfylke/region (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane), vil

avstandane til kommunane, og ikkje minst andre brukargrupper, bli altfor store. Her bør det i så fall vurderast om regionen bør ha to eller fleire fylkesmenn.

Nye regionar kan få nye oppgåver frå staten, og dermed også frå Fylkesmannen. Vi vil likevel presisere at ei slik overføring må basere seg på at staten gir frå seg makt og styring over oppgåvene og ikkje berre å overføre statlege oppgåver til eit folkevalt regionalt nivå.

Med dette som bakgrunn, bør fylkesmannsoppgåvene i størst mogleg grad bestå. Fylkesmennene kan dessutan ta på seg langt fleire oppgåver frå sentral stat, noko som også kan avgrense og stanse oppbygging av sentrale etatar. Fylkesmannen sin samordningsfunksjon, forhold til kommunane og nærleik til brukarane bør kunne utnyttast betre enn i dag.

## **Til kap. 6 og 7**

Her lanserer rapporten tre modellar for å organisere fylkesmannsstrukturen. Rapporten gir etter vår vurdering god og tilstrekkeleg analyse av både ulemper og fordelar ved dei ulike modellane. Vi finn såleis ikkje grunnlag for å kommentere dette bakgrunnsstoffet nærmare. Rapporten gir ingen klare konklusjonar på kva som er den beste inndelinga vurdert ut frå mål og kriterier, men vi tolkar vurderingane i kap. 7 slik at regionmodellen er den modellen prosjektgruppa meiner er den som best samsvarar med mål og kriterium for fylkesmannsinndelinga.

Konsolideringsmodellen gir tilnærma dagens løysing og er den som passar best når det gjeld nærleik til kommunar og andre brukarar. Omsynet til større og sterkare fagmiljø, eller fagleg og økonomisk berekraftige einingar, som det heiter i rapporten, dreg i motsett retning.

I følge rapporten er det regionmodellen, 10 til 12 embete, som er mest treffsikker i forhold til dei måla og prinsippa rapporten byggjer på, mellom anna tilstrekkeleg innbyggjartal for berekraft, geografisk funksjonalitet og god tilgjenge for brukarane. Denne modellen kan også medverke til å styrkje føresetnaden for samvirke og samordning i staten, mellom anna med politiet og andre etatar med beredskapsansvar.

## **Kva med Rogaland?**

Som nemnt er landsdelmodellen ei utenkjeleg løysing for Rogaland sitt vedkomande. Vi har som visjon å ta vare på Rogaland. Dette inneber ikkje nødvendigvis å verne om grensene, men først og fremst å syte for at vi fremjar verdiar og sikrar brukarane våre sine rettar og interesser på ein tilfredsstillande måte. Med ein landsdelmodell lèt ikkje dette seg gjere.

Rogaland har i dag om lag 470 000 innbyggjarar og har såleis nær 10 prosent av folketalet i landet. Med dagens, og så langt inn i framtida vi ser i dag, har fylket relativt mange og små kommunar og reiseavstanden vil vere uendra. Vi viser også til behov for nærleik til andre brukargrupper enn kommunane (private tilsynsobjekt, søkjarar, klagarar, landbruket med vidare).

Ut frå mellom anna dette bør Rogaland framleis ha eigen Fylkesmann. Vi ser at omsynet til samordning og samvirke med sentrale samarbeidsorgan/etatar kan aktualisere grensejusteringar. Felles grenser med politiet kan såleis vere eit godt alternativ.

For Rogaland er konsolideringsmodellen, eller ein regionmodell der Fylkesmannen i Rogaland består, einaste reelle, berekraftige og framtidsretta alternativ.

## **Til kap. 8**

Fylkesmannen har ikkje særskilde merknader til rapporten når det gjeld økonomiske konsekvensar. Større embete kan gje økonomiske innsparingar og effektiviseringsgevinst. Høgare reisekostnader vil motverke.

Større embete vil gje vesentlege administrative kostnader, særleg dersom det blir gitt klare føringar på at eit embete skal vere samlokalisert. Nye kontorlokale og flyttekostnader for medarbeidarane og familiane deira er sentrale element her. Vi kan heller ikkje sjå vekk frå at embeta mistar fleire gode medarbeidarar i ein slik prosess. Det er i alle høve viktig at dei tilsette og organisasjonane deira blir tatt med tidleg i ein eventuell samanslåingsprosess.

Notat av 30.09.2016, med innspel frå Akademikerne ved fylkesmannsembetet, ligg ved.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa  
fylkesmann

Harald Thune  
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.